Endelig voksen

Air Stord er inne i en gjennomgående positiv utvikling. De viktigste faktorene som sikkerhet, driftsøkonomi og regularitet har blitt et varemerke både for selskapet og den nye flytypen, Dornier 328. Våre erfaringer viser at Dornier er et meget populært og passasjervennlig fly. Ruten Stord - Oslo kan vise til betydelig vekst. Teknisk regularitet er svært nær 100 prosent, men flyet kan likevel ikke konkurrere med alle værtyper på Sørstokken. Tre, fire uker med tåke sist vinter skapte nok noe ergrelse blant våre kunder. Problemene skyldes utelukkende de tekniske hjelpemidlene ved innflyging til Sunnhordland Lufthavn. Ledelsen i lufthavnselskapet arbeider med å få disse forbedret, og allerede kommende vinter forventes en forandring.

Farsund-operasjonen har fått en foreløpig forbedring ved implementering av en 19-seter JetStream, i samarbeid med Coast Air. Sommerprogrammet er imidlertid identisk med tidligere år. Hvilket vil si et ruteprogram som ikke er tilpasset brukernes faktiske behov. Dette kan vi desverre ikke forbedre før oppstart på Gardermoen.

Vinterprogrammet for begge rutene er nå til godkjenning ved Oslo Lufthavn, og vi kan allerede forsikre våre kunder om en betydelig forbedring:

- Stord - Oslo får økt frekvens mandag morgen og torsdag/fredag kveld
- Stord - Oslo får sene kveldsflighter både torsdag og fredag kveld
- Farsund - Oslo får betydelig endrede avganger tilpasset brukernes behov
- Farsund får økt frekvens p.g.a forventet trafikkøkning
- Farsund - Stavanger settes i system med nasjonale og internasjonale ruter over Sola

Samarbeid med Braathens har vært omtalt jevnlig i media siste halvåret. Ledelsen i begge bedriftene har vært samlet flere ganger for å definere den fremtidige samarbeidsplattformen. De første resultatene av dette er nå i ferd med å materialisere seg. I disse dager starter installasjon og opplæring til Braathens standard både på Stord og i Farsund. Det vil fra kommende høst bety en rekke betydelige forbedringer for de reisende med Air Stord:

- Billett-systemene moderniseres og integreres med Braathens
- Gjennomgående priser fra Stord/Farsund til alle Braathens/KLMs destinasjoner
- Innføring av Bracard på alle Air Stord ruter

Air Stords fremtid har blitt definert som en del av Braathens/KLMs nasjonale og globale rutenett. Det er også klarlagt en strategi der selskapet vil fortsette sin satsing på det europeiske markedet. Fra 1. juni 1997 har vi med stor dyktighet operert en regional rute i Frankrike. Resultatene fra denne operasjonen er blitt fulgt med stor interesse, og i skrivende stund forhandler Air Stord om en rekke større og langsiktige kontrakter i Nord- og Mellom-Europa. Vi har derfor forventninger om å vise flyene våre på en rekke destinasjoner i tiden som kommer. For kundene vil det bety en betydelig forbedring i fleksibilitet og økonomi.

Selskapets fremtid vil være avhengig av gode kundeforhold. Vi mener bestemt at vi nå er blitt *endelig voksen*. Selskapet fikk også en svært viktig dokumentasjon på dette, da vi som et av de første flyselskapene i Norge (og Europa) kunne motta «Air Operater Certificate», 1. april 1998. En manifestasjon på at selskapets operative og tekniske drift tilfredstiller luftfartsmyndighetenes nye og omfattende krav til internasjonale flyselskaper.

Velkommen om bord!

Stord mai/juni 1998

Rune Wichmann Haldorsen
Administrerende direktør

Forsidefoto: Jan Rabben



Innhald

Braathens om samarbeidet med Air Stord ____ 3

Lyst på ein ferie utanom det vanlege? Bli med oss på tokt ____ 4 - 5

Gro Jensen Gjerde - sjef for dei gode tider ____ 6 - 7



Sommarmat på fat. Irene S. Nilsen viser oss ein innbydande Vestkyst-tallerken ____ 7

Fleksible Aker Elektro ____ 8

Idérike Johannes Nesse tek oss med til kraftverket sitt i Fitjar ____ 10

Opplev Sunnhordland gjennom fotolinsene til Jan Rabben ____ 12 - 13

Inn i neste årtusen ____ 15

Aluminiumsprodusenten Søral på Husnes har overteke eit gardstun nokre hundre meter frå elektrolysehallane. Sjå resultatet ____ 16 - 17

Farsund-interesser har brukt mykje pengar på Air Stord. Gunnar Brøvig har stor tru på framtida ____ 18

Om tre år vil trafikken gå tett over Føyno. Vi har målt pulsen på den tidlege anleggsfasen av Trekantsambandet ____ 20 - 21

Redaksjonelle tips og idear, ta kontakt med:
Vidar Alfarnes, tlf: 22 33 11 00, Mob: 932 17 069, E-mail: (vidar.alfarnes@os.telia.no).
For tinging av annonser:
Steinar Hårde, tlf: 22 33 11 00, fax: 22 33 11 01
Adressa vår: Norsk Avisbyrå, Dronningens gate 23, 0154 OSLO

Ansvarleg utgjevar: Air Stord.
Tekst, foto og formgjeving: Norsk Avisbyrå.
Trykkeri: Nikolai Olsens Trykkeri.

– Air Stord er sin egen lykkes smed

– Jeg tror Air Stord har mye godt i vente. Det fordrer selvsagt at selskapet fremstår med tilstrekkelige ambisjoner. Vilje til videre utvikling både når det gjelder kapital og organisasjon, er sentrale bærebjelker inn i fremtiden. Jeg har lært Air Stord å kjenne som et ryddig og skikkelig flyselskap.

- Braathens er med i en av fire verdensomspennende allianser. Vi har valgt KLM og Northwest. Også de mindre regionale flyselskapene må finne sine samarbeidspartnere. Av samme grunn som oss. For å sikre trafikkgrunnlaget, mener Anders C. Fougli, visepresident i Braathens avdeling for strategi og forretningsutvilking.

Ordene kommer fra Anders C. Fougli. Han er visepresident i Braathens avdeling for strategi og forretningsutvikling, og har vært en sentral aktør i utformingen av samarbeidsplattformen mellom Air Stord og hans eget flyselskap.

– Braathens er med i en av fire verdensomspennende allianser. Vi har valgt KLM og Northwest, og har med det sikret oss et svært godt utgangspunkt for å kunne ta opp kampen med hvem det måtte være. Selv om vi er størst på innenlandsflygninger i Norge, er vi små i europeisk sammenheng. Det betyr at vi er avhengige av å skape betydelige trafikkstrømmer opp mot rutenettet vårt, forteller Fougli.

Også regionalt

– Også de mindre, regionale aktørene må finne sine samarbeidspartnere. Av samme grunn som oss. For å sikre trafikkgrunnlaget. Samtidig er det mange ruter som Braathens i dag umulig kan betjene med dagens og morgendagens flypark. Der ønsker vi at andre kan gå inn å gjøre en jobb. Men vi har ingen intensjoner om å kjøpe opp disse mindre selskapene. Vi er mest tjent med at de fortsetter å eksistere i den form de har i dag. Braathens er en stor bedrift som har eksistert i 52 år, og som har bygd opp en struktur som et lite regionalt selskap ikke har behov for. Derimot vil vi ha mye å by på når det gjelder markedskunnskap og trafikkgrunnlag.

Mye spennende

Fougli ser på samarbeidet med Air Stord og et par andre mindre flyselskap som et aktivt forsøk på møte de utfordringer og tilpasninger som ligger i den nye luftfartshverdagen.

– Det er tre gode grunner for det arbeidet vi nå har startet. Widerøe er i ferd med bli kjøpt opp av SAS. Med det forsvinner selskapets rolle som nøytral. Vi må skape en motvekt til dette. Videre vet alle at Gardermoen åpner 8. oktober. Det vil automatisk føre til at folketette Vestfold og Telemark får mye lenger vei til landets hovedflyplass. Det åpner igjen for store muligheter ut fra Sandefjord og Skien. To flyplasser der Widerøe er betydelige i dag. Og til sist går Widerøes treårs-kontrakt med staten om betjening av kortbanenettet ut 1. april år 2000. Da er det fritt frem for alle som måtte ønske å gi anbud. En Dornier 328 vil kunne betjene mange av rutene på kortbanenettet, mener Fougli.

Opp til Air Stord

– Jeg tror Air Stord vil være sin egen lykkes smed. Hardt arbeid og fornuftige løsninger vil garantert gi gode resultat. Braathens vil som sagt stille mye av sin kompetanse til disposisjon, og på den måten forhåpentlig bidra til å løfte Air Stord enda noen hakk. Men jeg har som sagt alt nå et svært godt inntrykk av det arbeidet som blir utført fra hovedkontoret på Stord. At de nylig - som det første her hjemme - fikk en godkjent EU-lisens, er bare med og underbygger det bildet jeg har av selskapet, sier Fougli.

Braathens fraktet i 1997 litt over 5,7 millioner passasjerer. Av disse var 5 millioner innenlands. Resten på charter og selskapets utenlandsruter. Til sammenligning hadde SAS i fjor litt i underkant av 3,5 millioner passasjerer mellom flyplassene i Norge.

AV VIDAR ALFARNES,
NORSK AVISBYRÅ

Hent krefter på bøljan blå

Statsraad Lehmkuhl, Sørlandet og Christian Radich. Dei tre seglskutene stemner for full seglføring inn på feriemarknaden. Dei kan ta deg vekk frå 90-åras datastyrte kvardag, ta slitne hjerner ut til frie horisontar og dorske kontorkroppar til vèrs i riggen. Tida er komen for aktiv ferieavvikling!

«Sørlandet» går og under namnet «Sørlandets hvite svane»

Dagens levesett gjer oss ikkje direkte sprekare. Truleg har den tradisjonelle latmannsferien snart spela ut rolla si. Er du stiv i nakken etter for mange timar framføre dataskjermen? Kjennes beina visne etter år med stillesitjande arbeid? Du blir ikkje betre av å liggje på stranda. Kanskje er det på tide at kontorrotta prøver seg som skipsrotte? Ein dose solid sjømannsskap verkar godt både mot hjernespinn og muskelsvinn.

Sommertokt; slit og slaraffen

For å få den økonomiske mølla til å gå rundt, har alle skutene dei siste åra segla sommertokt, opne for alle med sans for blått hav og kvit seglduk. Som betalande medseglar er du med å halde liv i skutene, og til gjengjeld held skutene liv i deg. Det er ikkje få som har landa lukkeleg utslitne ned på dekk, etter ein utfordrande kamp med blafrande, stive segl langt der oppe. Det gjer godt å banke liv i gløymde muskelgrupper.

Dagens ferierande dekksgastar får neppe same harde tilsnakk, som dei stakkars førstereisgutane ein gong gjorde, men arbeidsoppgåvene har ikkje endra seg.

Dekket må framleis med jamne mellomrom få seg ein real skrubb. Er sjøen uroleg, er det alltid nok av magar som er endå meir urolege. Det betyr endå meir dovask enn vanleg. Dovasken er sjølvsagt òg medseglarane si oppgåve. Potetskrelling er bra for fingermuskulaturen. Ombord er der dagleg hundrevis av middagspoteter å bryne seg på, så her er det gode sjansar for å bli sterk i klypa.

«Christian & Christina» I over 60 år har denne stolte dama sett kursen for seg og ektemannen. Christian Radich følgjer trufast etter.

Ein tur med eit av våre tre skuleskip, er også eit møte med gamalt sjømannskap.

Mot austlege farvatn

Skutene gjestar ulike hamner frå år til år. I fjor var alle tre med i den store Cutty Sark-regattaen, og segla om kapp frå Aberdeen, via Trondheim og Stavanger, heilt til Gøteborg.

I år går kursen austover. Stockholm er Europeisk Kulturby denne sommaren, noko svenskane mellom anna markerer med «Sail Stockholm». Alle dei tre norske skutene skal vere med på festivalen som varer frå 16. - 20. juli. Vidare går ferda til Mariehavn på Åland og Karlskrona, som er to av havnene skutene skal innom som deltakarar i «Baltic Sail».

Rykker det litt i overarmane? Til sommaren har du alle tiders høve til å tilføre dei solide dosar mjølkesyre.

Ombord på skutene er vårpussen for lengst godt i gang.

Tusenvis av kvadratmeter seglduk og hundrevis av tampar heng klare og berre ventar på at kreftene frå entusiastiske medseglarar skal kome og styre dei til havs endå ein gong.



Sosialt soverom. På banjerane ombord i Statsraad Lehmkuhl er det tett mellom hengekøyene. Er du heldig ligg det kanskje eit snakkesalig murmeldyr i nabokøya. Her fløymer det av nattleg snakk og snork.

Informasjon om sommartokta får du ved å kontakte;

Stiftelsen Seilskipet Statsraad Lehmkuhl
Bradbenken
5003 Bergen
tlf. 55 32 25 86

Stiftelsen Fullriggeren Sørlandet
Gravene 6
4610 Kristiansand
tlf. 38 02 98 90

Stiftelsen Skoleskipet Christian Radich
Postboks 666 Sentrum
0106 Oslo
tlf. 22 47 82 70

Tre fine frøkner

Statsraad Lehmkuhl er både eldst og størst. Den tremasta stålbarken blei bygd i 1914 som skuleskip for den tyske handelsflåten. I 1923 kjøpte Det Bergenske Dampskibsselskab skuta, og gav ho namn etter Statsraad Lemkuhl, dåverande direktør i dampskipsselskapet og den vi først og fremst kan takke for at skuta kom til Norge.

Barken Lehmkuhl er underrigga i forhold til skroget. Dette for at ho skulle vere så stabil og sikker i sjøen som mogeleg. Om du får i oppgåve å beslå røylen, det øvste seglet, kan du likevel gle deg over ein luftig jobb 48 meter over vassflata.

Med sine 61 år er Sørlandet nummer to i søskenflokken. Sørlandet vart bygd i Kristiansand, og har sidan trufast blitt verande i denne landsdelen. I forhold til storebroren nord i Bergen, er Sørlandet ei nett, lita dame. Medan Lehmkuhl i starten hadde 200 gutar med på kvart segltreningstokt, avgrensar køyplassen på Sørlandet talet på medseglarar til kring 70.

Christian Radich vart sjøsett i 1937, og er såleis yngstemann. Så er og Radich'en den einaste av dei tre skutene som heilt fram til i dag har klart å drive heilårsdrift som skuleskip.

AV TORDIS LOVISE BERSÅS,
NORSK AVISBYRÅ

Gro-tid for regionen

Ho er ikkje nett den som ropar høgast, eller trengjer seg fram i forsamlingar der blitzlyset fangar inn dei viktige og mektige. Snarare held ho seg litt i bakgrunnen. Men der passar ho til gangs på å dra i dei rette trådane. Møt dagleg leiar i Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Gro Jensen Gjerde.

– I gode tider er det mange som ønskjer dugande arbeidskraft. Difor er det ekstra viktig at regionen vår står samla i kampen for å rekruttere nye innbyggjarar i Sunnhordland. Vi vert ikkje rikare om verksemdene våre «stel» folk frå kvarandre, meiner Gro Jensen Gjerde.

Foto: Tordis Lovise Bersås.

Det byrjar faktisk å bli nokre år sidan Gro Harlem Brundtland sa takk for seg som statsminister. Oppdraget med å få Noreg på rett kjøl var fullført. Og medan landsmoderen er i ferd med å stille diagnosen for verdas helseproblem, har Sunnhordland fått si eiga Gro. Ei jente frå Fitjar som tykkjer det er knakande moro å ha kjennskap og kunnskap om det aller meste som rører seg i dei ni kommunane samarbeidet omfattar.

Ingen Aksel

– Eg er ingen Aksel. Der han ofte på eiga hand var ute og fronta og selte sakene, prøver eg å involvere fleire. Få folk til å dra saman. Kva som er det beste skal vera usagt. Truleg ligg det optimale i skjeringspunktet mellom desse variantane, tippar Jensen Gjerde. Kor lenge ho vert verande i jobben, er usikkert. Aksel Kloster er for tida ordførar i Kvinnherad, og har då automatisk permisjon.

– Han er inne i ein periode med høgttenkjing. Kanskje kjem han attende til neste år. Kanskje ikkje. Men skulle det vera trong for meg også etter valet i 1999, kjem eg ikkje til å vera vond å be, seier Jensen Gjerde.

Glad laks

Med bakgrunnen sin frå landbruk og ikkje minst oppdrett, veit Gro eitt og anna om praktisk arbeid. Og ikkje minst kva problemstillingar og utfordringar som er vanlege i mindre verksemder.

– Eg var elleve år i Fitjar Laks. På den tida opplevde vi ei voldsom utvikling i oppdrettsnæringa. Og det gjekk sjølvsagt i bølgjedalar. Sjølv om næringa er komen langt i dag, er eg sikker på at det finst eit enormt potensiale i utvikling av nye artar. Som helsekost er sjømat det beste ein kan få, seier ei som sjølv er veldig glad i fisk. Særskilt breiflabb og laks.

– Fersk pale midt på natta er heller ikkje vondt, forsikrar Jensen Gjerde, og let tankane fare til glade sommarveker med seglbåt og hytta i Dåfjorden.

Gode tider

Jobben som dagleg leiar i Samarbeidsrådet er todelt.

– Ein samfunnsdel og ein næringsdel. Eg er sekretær for styret. Det vil i praksis seia ordførarane i kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes og Ølen. Oppgåva mi er å sjå til at det vert jobba vidare med alle vedtaka. Det høyrest kanskje ikkje ut til å vera all verda spennande, men eg likar den delen av jobben veldig godt.

– Men det er truleg på næringsdelen, og ikkje minst på etablerarsida at eg har dei største forutsetningane for å gje god hjelp. Heilt sidan årsskiftet 1993/94 har eg vore knytt til Samarbeidsrådet som nettverkskoordinator. Og det har vorte nokre rundar med etablerarskule på desse åra. Vi har hatt 18-20 elevar på kvart kurs, og historia fortel om svært gode resultat. Langt over halvparten har gjort idéane og draumane sine om til inntektsbringande arbeid. Det er alltid nokre som slit med finansieringa, og andre som finn ut at dei faktisk treng meir utdanning. Det er berre heilt naturleg, fortel rettleiaren.

Kamp om folka

Industrien og næringslivet i Sunnhordland opplever til liks med resten av landet blømande tider. Det er ikkje arbeid som er problemet. Snarare arbeidskraft.

– Det har aldri vore viktigare for Sunnhordland å stå samla. Vi må rekruttere nye folk inn til regionen vår. Vi får ikkje den veksten og utviklinga vi ønskjer om verksemdene våre «stel» arbeidskraft frå kvarandre. Men heldigvis har vi mykje å by på. Spennande arbeidsoppgåver, gode

sosiale ordningar og ein uovertruffen natur. Kommunikasjonane vert også stadig betre. Sjølv om mange er lut lei alt pratet om samferdsle, er det ikkje til å komma i frå at mobilitet og korrespondanse er svært viktig. Det er ikkje tilfeldig at ein av grunntankane i arbeidet til Samarbeidsrådet er at innbyggjarane i Sunnhordland skal kunne nå kvarandre sine tilbod innan ei akseptabel tidsramme. På den måten får vi også plassert menneska der dei høyrer heime. I sentrum.

AV VIDAR ALFARNES,
NORSK AVISBYRÅ

Sommarlett frå Irene

Om sommaren skal det helst vera lett og lysteleg. Slik også i matvegen. Soussjef på Stord Hotel, Irene S. Nilsen viser oss gjerne ein av favorittane sine.



Sommar og kalde rettar høyrer i lag.
– Ser ikkje Vestkyst-tallerkenen vår innbydande ut? spør Irene S. Nilsen, soussjef på Stord Hotel.

Foto: Tordis Lovise Bersås.

– Eg har ikkje noko spesielt namn på retten. Trur vi skal døype han Vestkyst-tallerken, seier den assisterande kjøkensjefen.

– Denne er alltid populær om sommaren. Vi brukar kreps, reke, fiskepostei, røykelaks, eggerøre, kylling, roastbiff og spekemat i ei herleg blanding. Potetsalat, grøn salat og pariserloff høyrer også naturleg til. Servert med ei kald og god flaske Chablis kvitvin burde det skape sommarstemning sjølv hjå dei mest tungsinna, meiner jenta som byrja på hotellet for 19 år sidan.

Det er ikkje berre på arbeid at Irene har mange munnar å mette. Også heime kring middagsbordet er det stor etterspurnad etter kokekunsten hennar. Med ein ungeflokk på fire, og mannen Kjell Gunnar på plass, nyttar det ikkje med ein liten omelett.

– Ungane Anita, Michelle, Therese og Kjell-Robert er veldig glade i komle og fleskepannekaker. Sjølv om eg lagar mykje mat i arbeidstida mi, tykkjer eg det er kjekt å stå bak grytene heime også.

På dei 19 åra som er gått sidan Irene byrja på hotellet, har ho vore vitne til ei rivande utvikling.

– Vi var ikkje mange personane på kjøkenet den gongen. I dag har vi fire lærlingar, og stor aktivitet frå tidlege morgonen til seine kvelden.

I sommarmånadane er det ganske mange busslass med gjester som kjem til hotellet for overnatting og mat.

– Dei kjem ofte 50 og 60 i lag. Då er kanskje ikkje Vestkyst-tallerken det optimale. Lammefileten med fløytegratinerte poteter, sennepssaus og kvitlauk til pleier derimot å falle i svært god smak, smiler soussjefen.

AV VIDAR ALFARNES,
NORSK AVISBYRÅ

Med fleksibilitet som våpen

– Det verste var å finne fram i Oslo. Vi fekk ein bil, ein ordre, ei adresse og ein mobiltelefon. Men det gjekk helst bra, fortel Gunnar Lona. Han er utdanna elektrikar med fagbrev frå 1983. Dei siste ni månandane har han hjulpe Telenor med installasjon av ISDN-liner i hovudstaden. Kven han jobbar for? Aker Elektro, sjølvsagt.

I ni månader har folk frå Aker Elektro teke på seg å installere ISDN-liner for Telenor i hovudstaden. – Vi snur oss kjapt, seier montør Gunnar Lona og prosjektleiar Tone Skjønberg.

Historia om arbeidsdagen til Lona fortel det aller meste om verksemda Aker Elektro.

– Fleksibilitet og omstillingsevne er nøkkelord. Det er slutt på dei dagane då brorparten av styrkjen vår jobba offshore. I takt med at tidene endrar seg, må vi følgje etter. Ingen er i dag tilsatt i Aker Elektro for å jobbe i Nordsjøen, fortel mannen frå Namsos.

Omstilling

Prosjektleiar Tone Skjønberg er godt nøgd med gjengen. På rekordtid klarte verksemda frå Sagvåg å snu seg rundt, og gje Telenor den hjelpa dei trong i ei tid då alle helst skulle hatt ISDN-nummeret sitt operativt i går.

– Vi skreiv under ein kontrakt for ni månader. Det har vore ni spennande månader, med mykje hardt arbeid. Og eg trur med handa på hjarte at vi har løyst arbeidsoppgåvene på ein forbiletleg måte, seier Skjønberg.

12-9 turnus

Alle montørane i Oslo har gått turnus med 12 dagar på og ni dagar av. Det vil seia arbeidsdagar på elleve timar. Noko dei aller fleste er kjende med frå tidlegare. Men der stoppar også likskapen.

– Eg trur ikkje det er mange av dei 100 personane vi har nytta i denne operasjonen som har vore borti liknande arbeidsoppgåver tidlegare. Eg likar å arbeide på denne måten. Og det må du gjere. Her nyttar ikkje anna enn å møte utfordringane med oppbretta skjortearmar og ståpå-vilje, seier mannen som har vore med på å redusere ventetida for ISDN-linjer i Oslo frå seks til ei veke.

Aker Elektro har kring 1.700 fast tilsette.

AV VIDAR ALFARNES,
NORSK AVISBYRÅ

Energibunten Johannes

Når det regnar på Fitjar-bøane, dryp det på Johannes Nesse. Med eige kraftverk i Vistvikjo har odelsguten funne løysinga på korleis han kan skape inntekter til å halda i hevd det vesle småbruket han vaks opp på. På same måten som han finn svar og løysingar på små og store problem hjå arbeidsgivaren Aker Offshore Partner i Stavanger.

– Det aller meste er funne opp tidlegare. Eg ser berre på bruken og samansetjinga av allereie kjend teknologi, fortel den idérike Johannes Nesse.

Foto: Tordis Lovise Bersås.

I vekene har Nesse hovudet fullt med idéar og tankar kring vassinjeksjonsplattforma som skal til Eldfisk. Om helgane dreg han heimatt til Stord, der nye prosjekt og utfordringar ventar.

– Eg storkosar meg i Fitjar. I samband med at vi la 900 meter røyrgater til kraftverket, bygde vi også ein skogsveg. På den måten fekk vi løyst ut ganske mykje skog. Eg har alt levert ein del ved. Draumen er å starte mitt eige sagbruk. Men skal det bli ein realitet, må nok skogen veksa noko raskare enn kva som er tilfelle i dag, smiler sivilingeniøren. Og takkar i same slengen kona Bodil for at ho let han drive på med sitt.

1 GWh

Vedmaskinen vert driven med heimelaga kraft. Men stort sett heile produksjonen på 1 GWh går direkte inn på nettet til Fitjar Kraftlag.

– Kraftlaget har vore ein god støttespelar frå dag ein. Sidan eg også er vekependlar, har eg vore avhengig av kjekke naboar. Pensjonerte Otto har gjort ein strålande jobb, fortel Nesse.

– Idéen til kraftverket fekk eg etter at eg las i Bondebladet. Vi hadde alltid nytta vasskrafta i elva heime. Både til kverndrift, og seinare til å få fart på slipesteinen. Men slikt vert det ikkje pengar av. Som odelsgut til eit svelt-i-hel-bruk, var eg stadig på jakt etter å finne inntektskjelder. Og sjølv om eg har investert 1,75 millionar kroner, er det ikkje tvil om at rekneskapet no går i pluss.

For hundre år sidan var det tusenvis av små kraftverk på norske gardar. – Mange har ekvar og bekkar, og det er ikkje tvil om at eit minikraftverk kan vera eit viktig økonomisk supplement på mindre småbruk i dag, seier Johannes Nesse.
Foto: Tordis Lovise Bersås.

Litt for travelt

I 1972 var Nesse ferdig utdanna sivilingeniør frå Trondheim. Nokre år i Veritas i Oslo og London, vart følgd opp med seks år hjå Maritime Protection i Kristiansand. Til Stord kom han attende i 1984, og har sidan jobba både for Aker Engeenering, Aker Stord og no altså Aker Offshore Partner.

– Aker har vore ein svært god arbeidsplass. Men til liks med mange andre, slit også vi med å drive effektivt og målretta utviklingsarbeid. I gode tider, slik vi opplever no om dagen, har vi ikkje ressursar til å få prøvd ut alle dei gode idéane som dukkar opp. I dårlege tider manglar vi ofte midlar til å gå laus på dei tunge og viktige utviklingsoppgåvene, meiner hobbybonden og kraftleverandøren.

– Det å veksa opp på ein gard var reine eldoradoet for ein teknisk interessert gutepjokk. Og eg gløymer aldri då far min, Peder, tok meg med til Teknisk Museum i Bergen. Det var reine julekvelden. Gardane har alltid vore ein yngleplass for gode idéar. Det er ikkje så reint få av dagens ingeniørar som kjem frå smågardar.

Johannes-vêr

Vistvikelvo er som namnet tilseier ei elv. Det vil seia at Nesse i svært stor grad er avhengig av nedbør. Og det er jo som dei fleste veit ikkje det største problemet på Vestlandet.

– Når det regnar, brukar arbeidskameratane mine å seia at i dag er det Johannes-vêr. No er det sjølvsagt ikkje berre kjekt å bli assosiert med nedbør og vatn frå oven, men eg er iallfall ein av dei som gjer noko med vêret, seier energiprodusenten. Og legg heldigvis til:

– Eg gler meg minst like mykje som andre over solskin. Under den fantastiske fjorårssommaren stengde eg ned anlegget i ein månad. Det har eg budsjettert med også dette året.

Måtte vêr-gudane ha fått det med seg.

AV VIDAR ALFARNES,
NORSK AVISBYRÅ



Trekantsambandet

Trekantsambandet gir øykommunane Bømlo, Stord og Fitjar vegsamband til fastlandet i Sveio kommune i år 2001.

HENGEBRU OVER SPISSØYSUNDET, 990M

HENGEBRU OVER DIGERNESSUNDET, 1076 M

UNDERSJØISK TUNNEL UNDER BØMLAFJORDEN, 7820M



Vegprosjektet avløyser ferjesambanda

Sagvåg - Siggjarvåg, Skjersholmane - Utbjoa,
Skjersholmane - Valevåg og Mosterhamn - Valevåg.

Dette utgjer Trekantsambandet
Tunnel under Bømlafjorden, bru over Digernessundet, bru over Spissøysundet og bru over Gassasundet. Til saman 21,6 km nye vegar.

Statens vegvesen Hordaland er byggherre og står for planleggjing, prosjektering, byggjeleiing og kontroll av prosjektet. Byggjearbeidet vert utført av Statens vegvesen og entreprenørar.

Finansiering
Sunnhordland bru- og tunnelselskap AS samarbeider med Statens vegvesen om finansieringa og står for innkrevjing av bompengar.

Statens vegvesen
Hordaland
Boks 644
5401 Stord
Tlf. 53 45 66 00

SUNNHORDLAND BRU- OG TUNNELSELSKAP
Boks 176, 5430 Bremnes
Tlf. 53 42 80 10

NR. 1 - 1998

Mangslungne Sunnhordland

Du ser konturane av den vakre og ville naturen alt frå flysetet nokre tusen fot der oppe. Og i det fjella, fjordane og rullebana nærmar seg, er det ikkje tvil. Denne regionen er meir enn ein flott avstands-mosaikk. Men sjølv på bakkenivå anar du framleis lite kva skattar, historiar og opplevingar Sunnhordland kan by deg. Men spør gjerne Jan Rabben.

Den entusiastiske naturfotografen frå Ålesund gjorde stordabu av seg i 1991. Og han forelska seg straks i sitt nye heimemiljø. Nyleg kom Rabben på marknaden med eit prakteksemplar av ei biletbok, «Naturen i Sunnhordland».

– I boka har eg prøvd å formidle dei inntrykka eg har fått gjennom årelange naturopplevingar i distriktet. Eg har slett ikkje gjort nokon freistnad på å plukke ut like mange bilete frå kvar av dei ni Sunnhordlands-kommunane. Snarare har eg prøvd å få fram det særmerkte, fortel forfattaren og fotografen.

Kom deg ut!

Boka er ein hyllest til naturen kring oss. Rabben har sjølvsagt eit ønskje om å vise fram eit lite utval av dei flotte bileta han har knipsa. Og så treng han sjølvsagt inntekter. Men den største motivasjonsfaktoren er truleg ønskje om å vise folk flest kva utruleg eldorado som ligg og ventar rett utanfor stoveglasa våre.

– Eg håpar boka kan vere ein spire til engasjement og interesse. At kunnskapen som boka gjev kan vere med å gjera ein tur i Guds eige skaparverk til ei endå større oppleving. For det er litt av ein historie som ligg der ute. For 250 millionar år sidan låg det som i dag er Sunnhordland om lag der Nord-Afrika er i dag. Grunnfjellet i Kvinnherad, Etne, Ølen og Sveio er kanskje så gamalt som ein milliard år. Det er ikkje utenkjeleg at det i retteleg gamal tid var fjelltoppar på nærare 8000 meter i Sunnhordland. Toppar som rennande vatn, is og anna forvitring har tært ned.



Plukk ned månen. *Grdhorgjo er med sine 740 meter det høgaste fjellet i Ølen. På toppen av varden kjem du endå nokre meter nærare himmelen.*

Mangfaldet

Nyleg vart det arrangert ein konkurranse om å laga den finaste Bømla-songen. Eit av forslaga kom frå Brynjar Stautland. I det nest siste verset heiter det:

«Når dagsens auga døyr
Gå til Siggjo, stå der, høyr!
at bakom oss ligg tusen år
og framom oss, ein vår.»

Bømlingen Stautland er slett ikkje den einaste som har lete seg imponera og inspirera av naturen. Kåre Skaala frå Rosendal er næraste nabo til 1426 meter høge Melderskin. Eit naboskap som har resultert i ord og vendingar som desse:

«Runnen
av prekakambriske røter
i ætt
med æva.

Eg - ein ven -
eig berre stunda
kjem her varleg og
audmjuk.»



Zoologisk hage. *Sunnhordland kan by på eit rikt dyreliv. Her ein eldre hønsehauk knipsa på Stord i det han inntek middagen - ei ringdue.*

Gjødsel frå sjøfugl. *Knapt noko i denne verda gjev betre vekstvilkår enn etterlatenskapar frå sjøfuglane. Eller kva seier du til dette vakre blomebedet på ein liten holme utanfor Meling på Bømlo?*

I godlage

Ivar Eskeland - kjend og kjær sunnhordlending frå radiokåseri og bøker, er heller ikkje i tvil.

– Gud var i godlage då han skapte Sunnhordland. Med sine majestetiske fjellrekkjer, skogkledde lier, ein overdådig, makelaus flora, fossar og elvar med aure og laks der ørn flyg over. Og der Folgefonna vart plassert som ei naturleg krone på verket.

Merka av tida. *Dette bilete er henta frå Digernes på Stord. Her ser vi resultatet av naturen sin gang gjennom fleire hundre millionar år.*



I eitt med naturen. *Jan Rabben tilhøyrer arten homo sapiens, men likar seg mest like godt som dyr og planter ute i Guds frie natur. Naturfotografen kom nyleg ut med praktboka «Naturen i Sunnhordland». Alle bileta til denne reportasjen er også på trykk i boka.*

Du tenkjer kanskje kva med all nedbøren og ruskevêret? Eskeland veit svaret:

– Det er berre Gud som græt gledestårer!

Stolar du ikkje heilt på dette, ta ein rask kikk i boka til Rabben. Eller endå betre, få på deg godt ytterty og kom deg ut. Himmelriket er nærare enn du anar.

AV VIDAR ALFARNES,
NORSK AVISBYRÅ

Åsgard A skipet. Foto: Øyvind Hjelmen

Aker Stord *har ca. 1800 medarbeidere og er et av Norges største og mest moderne sammenstillingsverksteder for olje- og gassinstallasjoner. I 1998 skal vi gjøre ferdig og levere produksjonsskipet Åsgard A til Statoil. Vi starter også produksjonen av dekkene til to faste plattformer; Oseberg Sør til Norsk Hydro og Eldfisk 2/E til Phillips Petroleum.*

Aker Maritime
Aker Stord AS
5400 STORD
Telefon: 53 41 80 00
Telefax: 53 41 80 01

For ferie og forretningsreiser,
ta kontakt med Reisebyrået for Sunnhordland

via flyspesialistene
Reisebyrået STORD
EYVIND SITTER AS
Hertighaugen, Leirvik Postboks 123, 5401 STORD. Telefon: 53 40 30 60, Telefax: 53 41 42 28

Leigebil på Stord
tingar du hos Hertz bilutleige
Hertz
Tlf: 53 40 30 68
Priv: 53 41 51 32
Mob: 946 20 245
NB. Me leverer bil på flyplassen gebyr-fritt!

REISEBYRÅET FOR DEG

TRAVELNET
Kvinnherad Reisebyrå
Senteret, N-5460 HUSNES
Tlf: 53 47 17 11 - Fax: 53 47 18 98

Ellevilt inn i år 2000

Hele verden mister bakkekontakten i romjula 1999, og lander ikke før vi er trygt inne i et nytt årtusen. Bli med mot tidenes blåmandag.

Illustrasjon: Steinar Hårde.

AV TOR HJELSET,
NORSK AVISBYRÅ

Tre dager til ende skal det nye tusenåret feires. De mest utholdne kan starte tidlig om morgenen 30. desember 1999, og gå fra fest til fest de neste 72 timene. Planleggingen har allerede nådd langt, også i Norge.

Norsk fest koster milliarder

Den norske feiringen var først foreslått å koste drøye to milliarder kroner. Før Turid Birkeland gikk av som kulturminister, rakk hun å sette ned en idégruppe til å klekke ut gode forslag. Ikke lenge etter spratt 435 «tusenårssteder» og flere tusenårsbygg opp av hatten, sammen med tenning av stearinlys der andre tenner raketter. Nå har Lahnstein blandet det nye operahuset inn i planene, skåret kostnadene ned til en tredjedel og dessuten erklært at «ingen skal være alene» 31. desember -99.

Vil du heller ha en real privatfest? Da er det på høy tid å hive seg over telefonen. Et av de mest ettertraktede stedene er Summit Bar på SAS Scandinavia Hotell i Oslo. Fra toppen av hotellet har du panoramautsikt over hele hovedstaden når nyttårsrakettene går til værs. Ledelsen vurderer om de skal bruke baren selv, eller leie den ut til kunden øverst på den stappfulle bookinglisten.

Flyr forbi tiden

Rikmannsklubber i Midt-Østen og USA planlegger å gå flere ganger inn i det nye året. Har du en diger sparegris på lur kan du gjøre som dem: Tigg British Airways eller Air France om å få leie en Concorde. Da kan du sende opp den første nyttårsraketten på Marshalløyene i Stillehavet, reise forbi datolinjen og oppleve det store øyeblikket en gang til. Med litt planlegging kan du få med deg opp til flere feiringer.

Har du ikke råd til en Concorde, er Times Square i New York et godt alternativ. Der får du med deg nyttårsøyeblikket på storskjerm fra hver eneste tidssone. Vær tidlig ute! De venter én million gjester.

Resten av verden tenker like stort. Syd-Afrikanerne trekker turister til coktailparty på toppen av Table Mountain. Church of England leter desperat etter 10.000 frivillige som vil feire nyåret med å ringe i 5.000 klokkesett. I Syd-California sitter en ambisiøs gjeng med planer om 72-timers gigantkonsert med Pearl Jam, Rolling Stones og Michael Jackson på ønskelisten. To millioner mennesker skal de tromme sammen, og fire tusen sementgriller skal holde liv i dem. Mandag 3. januar 2000 blir tidenes blåmandag.

Jesusjubiléet

Alt sammen skjer på grunn av hendelsen for 2000 år siden; Jesu fødsel. Kristenfolket feirer med sin egen megamarsj for Jesus.

Et tankekors er det at kun én tredjedel av jordas befolkning har et naturlig forhold til denne «globale» vestlige feiringen. Det er nemlig ikke alle som bruker Jesu alder når de teller tiden. De tallrike kineserne går inn i år 4698. Etter muslimenes tidsregning har vi ikke kommet lenger enn år 1421. Jødene har kommet lengst, og har nesten seks tusen år på baken. Godt nytt tusenår!

Vil leige hotellet

Rosendal Fjordhotell har alt fått tilbod om å leige ut heile hotellet når vi tek steget inn i det tredje tusenåret.

– Vi har ikkje teke stilling til om vi skal finne på noko sjølve, eller leige ut alt, seier Arne Havnerås i Rosendal.

Fleire av hotella i regionen har fått liknande telefonar og brev frå både firma og privatpersonar som vil by inn til fest. Eit av dei som ikkje har fått så stor respons til no er Quality Stord Hotel, men der har dei eigne planar under oppsegling.

– Vi leikar med idéen om ein lokal fest med show, storband og mykje god mat. Heile pakken skal lagast slik at vi kan forsvara prisen på kroner 1999,-, smiler Solheim på Quality Stord Hotel.

SKAPAR NYTT LIV I GAMALT GARDSTUN

Husnes og Kvinnherad har mykje å takke Sør-Norge Aluminium. Heilt frå oppstarten seint på 1960-talet, har verksemda vore ein aktiv deltakar i det unge lokalsamfunnet. Ei rekkje prosjekt har vorte realisert med økonomisk støtte frå Søral. I desse dagar skapar aluminiumsprodusenten liv i gamle Undarheim Gard.

Det handlar om å ta vare på gamle verdiar, og om å skape nye. Dei tilsette hjå oss må ha litt andre bindingar til Søral enn berre det å henta lønningsposen. Gjennom kultur og historie håpar vi å tilføre ein ny dimensjon til folka i vår eigen organisasjon, seier Søral-direktør Jan Yttredal. Saman med resten av leiargruppa har han teke i både eitt og to tak for å få restaurert den gamle garden nokre steinkast frå aluminiumshallane.

Mykje att

Svært mykje arbeid er utført etter at Søral kjøpte garden frå Hoelfeldt Lund-slekta i fjor. Men det står enno mange arbeidstimar att, før Yttredal & Co. er i mål.

– Ikkje minst har vi ein god jobb framfor oss med hagen. Men eg er ikkje i tvil om at vi skal klare å få han minst like fin som i sine velmaktsdagar. Vi har teikningar og bilete som viser korleis den originale hagen såg ut. Med til gardstunet høyrer også ei løe som vi skal setje i stand, fortel stordabuen som for snart 30 år sidan starta yrkeskarriera si som læregut i elektrolysen på Husnes. Då han reiste frå Kvinnherad var han assisterande direktør. Sidan har Yttredal hatt toppstillingar på Karmøy, Årdal, Høyanger og Oslo, før han i 1997 vende attende til Søral som administrerande direktør.

Osar historie

Historia om Undarheim Gard er spennande. Vi finn sikre spor attende til tidleg på 1500-talet. I 1584 høyrde Undarheim til lektoriatet i Bjørgvin. I

- Målet er å skape eit kulturelt samlingspunkt. Ein stad der vi kan drive eigenutvikling for dei tilsette, men også eit hus som bygdene kring oss skal kjenne seg heime i. Det er viktig for eit ungt samfunn som Husnes å knyta trådar attende i tida, meiner Jan Yttredal (t.v) og Aasmund Kåre Rørvik.

Ser det ikkje innbydande ut? Søral har alt fått den gamle Lundegarden opp på eit respektabelt nivå. Går det slik leiinga hjå aluminiumsprodusenten ønskjer, er det ikkje lenge til styremøtene kan haldast i denne vakre salen.

Svært mykje arbeid er utført etter at Søral kjøpte garden frå Hoelfeldt Lund-slekta i fjor. Men det står enno mange arbeidstimar att.
- Ikkje minst har vi ein god jobb framfor oss med hagen. Men eg er ikkje om at vi skal klare å få han minst like fin som i sine velmaktsdagar, seier Jan Yttredal.

Alle foto: Tordis Lovise Bersås.

1646 er garden nemnd som «Capitelgods under lesemestere». I 1791 vart det vedteke at kompanisjefane i Hæren skulle få eigne embetsgardar. Til Søndre Søndhordlehnske Compagni vart ein del av garden lagt ut til sjefsgard i 1792. I 1817 vart han til sorenskrivargard. 34 år seinare flytta Mons Lie inn med familien sin. Sorenskrivaren var far til Jonas Lie. Den vidgjetne forfattaren var då tolv år. Naturen og folket her gjorde tydeleg sterkt inntrykk på den unge diktarspira. I boka «Gaa Paa» skildrar Lie vintersildefisket i Sunnhordland og Hardanger-bygdene.

Husmorskule

I 1863 vart garden selt på tvangsauksjon. For 3000 spesidalar fekk gardbrukaren Christopher Hoelfeldt Lund frå Voss hand om eigedomen. Det vart starten på ein periode med mykje liv og røre. Saman med kona Mari Margrethe Utne frå Ullensvang fekk dei elleve born. Ti vaks opp. Familen var svært omtykt, og dei arrangerte både 17.mai-tilskipingar og andre samankomster på garden. Ekteparet starta også opp ein husmorskule. Elevane budde i huset, medan undervisninga skjedde i andre høgda i eit uthus som vart kalla «Olympen». Skulen heldt det gåande i 21 år, og garden var heilt fram til 1920-åra eit kraftsenter for lokalsamfunnet. Sidan har tunet vore Hoelfeldt Lund-slekta sin eigedom. Heilt til Søral kjøpte garden våren 1997.

Dugnad viktig

Søral går godt om dagen. Nyleg fekk alle tilsette kvar sin flotte sykkel i gåve.

– Vi må ha lov til å vere litt opptekne av oss sjølve. Og vi skal sjølvsagt også gjera vårt for at lokalsamfunnet kan nyte godt av dei gode tidene i verksemda vår. Men Søral må aldri berre bli assosiert som den gåvmilde gjevar. Pengegåvene våre kan aldri erstatta dugnadsånd og menneskeleg initiativ. Det må aldri bli slik at pengesekken til Søral vert det viktigaste incitamentet for å skape aktivitet. Då har vi mislukkast, hevdar Yttredal.

Trådar attende

Nyleg hadde Sigrid Øyrehagen frå Uskedalen ei biletutstilling i det nyoppussa huset. Ein liten klaverkonsert høyrde også med under tilskipinga. Godt med folk og god stemning.

– Målet er å skape eit kulturelt samlingspunkt. Ein stad der vi kan drive eigenutvikling for dei tilsette, men også eit hus som bygdene kring oss skal kjenne seg heime i. Det er viktig for eit ungt samfunn som Husnes og knyta trådar attende i tida. Om vi kjem til å halde styremøter for Søral her i framtida? Definitivt. Og det skal ikkje stå tilbake for nokre av dei lokala som har vore nytta til slikt tidlegare, forsikrar Jan Yttredal.

AV VIDAR ALFARNES,
NORSK AVISBYRÅ

Forsikring skal ikke gjøre deg usikker – men sikker!

Hva du får erstattet etter skade er ofte avhengig av kvaliteten på rådgivningen du får om bedriftens risikoforhold. Hva bedriftens forsikringer dekker blir du først sikker på når du har visshet – og ikke bare tror.

Be om et møte med en av våre bedriftsrådgivere – for sikkerhets skyld.

Storebrand

Air Stord på stigende kurs

Så langt har det definitivt kostet mer enn det har smakt. Men næringslivet i Farsund har slett ikke tenkt å bakke ut. Etter en tøff gjeldsforhandlingsperiode med påfølgende omstrukturering og refinansiering, ser Gunnar Brøvig mer enn lysglimt i enden av rullebanen.

– Air Stord er et middel til å nå målet om større aktivitet på Lista Lufthavn, sier Gunnar Brøvig.

Foto: Farsunds Avis

– Vi er som alltid realistiske, og innrømmer at vi ikke har de samme kravene til inntjening på Farsund-ruten i Air Stord, som det vi forlanger av andre prosjekt vi engasjerer oss i. Air Stord er først og fremst et middel for å nå et mål. Målet er å skape liv og røre på Lista Lufthavn. Vi har overtatt flyplassen fra det militære, og er i full sving med å omstille fra militær til sivil drift. Hvorfor Air Stord? De sa seg villige til å starte opp faste ruter til Oslo og Stavanger allerede sommeren 1996. Vi er totalt avhengige av daglige ruteflygninger for å opprettholde infrastrukturen på flyplassen, forklarer Brøvig.

Med videre

I den tiden Leif Georg Amundsen var den sterke mannen i Air Stord, var rederiene i Farsund inne som en minoritetsaksjonær. Flyselskapet tapte store penger i 1996, og det ble derfor nødvendig med offentlige gjeldsforhandlinger i fjor vår.

– Vi tapte en liten million kroner på tidligere innskutt aksjekapital. Brøvig Rederi og Mosvold Farsund garanterte for Air Stords driftsutgifter i den perioden gjeldsforhandlingene varte. Men vi ville være med videre, og gjennom selskapet Farsund Lista Airport Development AS (LAD) gikk vi inn med 45 prosent av den nye, friske aksjekapitalen på sju millioner kroner.

Positiv utvikling

– Det har kostet mer enn planlagt, men vi har i hvertfall snudd store underskudd til balanse. Nå håper vi at Air Stord kan vokse seg litt større. To fly er nok ikke den optimale flåten. Vi ser for oss en gradvis ekspansjon. En ekspansjon som foruten anskaffelse av flere fly, også bør innebære nærmere samarbeid med mindre flyseslskap. Og vi ser selvsagt også positivt på Braathens ønske om samarbeid med Air Stord, sier styreformannen i LAD og flyplass-selskapet LILAS.

– Vi har definitivt gode grunner til å tro på en pen og forsiktig utvikling av både Lista Lufthavn og Air Stord. Og da har vi oppnådd ikke så rent lite.

Mer sentralt

Om noen år vil omleggingen av E-39 gjøre at Flekkefjord og Kvinesdal får halvert reisetiden til Farsund. Det vil garantert føre mer trafikk over Lista.

– I tillegg ser vi et potensiale i mer fraktflyging. Fra tidlig vår og ut september har vi hatt en til to ukentlige avganger med fersk laks fra Lista til Tokyo. Oppdrettsnæringen er i stadig ekspansjon, og vi håper at det skal komme flyplassen vår til gode. Når Gardermoen står ferdig vil det trolig også åpne seg nye nisjer i markedet, sier sjefen i det mer enn hundre år gamle Brøvigs Rederi.

Fokus på fremtiden

Det er ingen hemmelighet at Gunnar og fetteren Tharald Brøvig har hatt en heldig hånd om forretningene sine. Det samme må i høyeste grad sies om parhestene Terje Mikalsen og Tarald Glastad i Mosvold Farsund AS.

– Hvordan forklarer du dette?

– Det ligger nok litt i genene. Miljøet i Farsund har i alle år hatt god kontakt med det store utlandet. Men viktigere enn historie og slektsaner, er det faktum at vi alltid har søkt å samarbeide. Det er moro at naboen lykkes. Vi bruker gjerne nettverket og forbindelsene våre til felles beste. Og så setter vi fokus der det hører hjemme. Inn i fremtiden.

AV VIDAR ALFARNES,
NORSK AVISBYRÅ

Flyrutene til Air Stord

VI HAR LAGA BLADET DU LES I NO

Treng verksemda di eit blad? Eller kanskje ei brosjyre? Norsk Avisbyrå rår over dugande journalistar, fotografar og formgjevarar.

PRØV OSS!

Norsk Avisbyrå AS, Dronningens gate 23, 0154 OSLO
Telefon: 22 33 11 00, Telefax: 22 33 11 01

NORSK avisbyrå as

TREKANTSAMBANDET -

Eit knippe foto frå anleggsdrifta: Øverst ser vi Oddgeir Brekke frå Etne som illustrerer litt av dimensjonane på utstyret som er i bruk. Motivet er henta frå parsellen ut til brufeste ved Digernessundet.

Dei andre bileta er henta frå hektisk aktivitet på Føyno - sjølve sentrum for det framtidige Trekantsambandet.

Alle foto: Tordis Lovise Bersås.

PULSÅRE TIL 1,6 MILLIARDAR

I løpet av sommaren vil tunneldrivarane mellom Føyno og Sveio vera ferdige med om lag 2,5 kilometer av den mest 8.000 meter lange tunnelen. Seint på hausten vil arbeidet med dei to store hengebruene starta opp. Og kjem du med fly til Sørstokken frå sør, kan du alt no sjå det store krysset på Føyno. Ferdig asfaltert. Krysset der sør, nord og vest vil møtast ein gong før 17. mai år 2001.

Store tal og svære dimensjonar er samtaleemne kring møteborda på Statens Vegvesen sine brakkekontor, nær Digerneskaien. Men prosjektleiar Henrik Schaathun ser ut til å ha full kontroll.

– Sjølvsagt dukkar det opp problem. Det gjer det heile tida. Men det er også litt av det som er sjarmen med anleggsdrift. Du møter utfordringar, tek ei avgjerd og legg det raskt bak deg. Alle arbeider for eit klart definert mål. Etterpå er det heller ikkje vanskeleg å sjå kva vi har utretta, seier mannen som tidlegare har hatt ansvaret for sjukehusbygging i Harstad og på Lillehammer. Han har også leia utbyggjingar for Frank Mohn både i Fusa og Houston, Texas.

Vert dyrare

I den siste Stortingsproposisjonen var Trekantsambandet prisa til 1525 millionar kroner. Mykje tyder på at det ikkje vert den endelege summen.

– Vi har alt støtt på geologiske problem i tunnelen. Problem som gjer at vi må gå 30 meter djupare enn det som var planlagt. Noko som også fører til at stigninga i tunnelen vert 85 promille - 10 meir enn i dei opprinnelege planane. Det gjer at han ikkje berre vert ein av dei djupaste i verda - tunnelen vert også den brattaste på det norske stamvegnettet. Og den lengste til havs.

Schaathun og gjengen hans har også fått røyne at det er skilnad på reguleringsplanar og detaljplanleggjing.

Må gjera endringar

– Rett som det er må vi gå tilbake å gjera små endringar. Det fører sjølvsagt til ein del diskusjonar med kommunar og naturvernkrefter. Vi har vore nøydde til å ta nokre rundar på Bømlo i samband med endringar av ein vegtrasé, forklarar sjefen. Han har også brukt ein del tid på naturvernkonsulenten i Stord kommune.

– Vi skal sjølvsagt ikkje vera hårsåre, men det kjennest av og til litt vondt når nokon stadig vekk blandar politikk inn i faglege spørsmål. At grunneigarar ikkje likar at det kjem ein brei veg gjennom sauebeite, er heilt realt. Men at utanforståande brukar eit kvart høve til å pirka i alt vi gjer, det skapar unødig irritasjon. Difor var det også ekstra godt å lese i lokalavisa nyleg om folk som tok sundagsturen sin på vegtraséen mellom Hatland og Digernesklubben. Dei aller fleste meinte at inngrepa i naturen var gjort på ein varsam og fin måte. Og eg trur det endelege resultatet kjem til å bli veldig bra.

Samfunnsbyggjar

Når Bømlo, Stord og Sveio vert knytt saman ein gong på våren i 2001, er det ikkje tvil om at det vil skape vekst og utvikling for området. Ikkje minst for bømlingane. Eit frå før oppegåande næringsliv vil garantert blomstre ytterlegare i den ferjefrie framtida.

– Sjølv om prisen på anlegget vil bli endå litt dyrane, fryktar eg slett ikkje for økonomien i prosjektet. At mannskapet på fire subsidierte ferjesamband misser jobbane sine, det tenkjer eg ikkje mykje på. Fleire av dei kan sikkert få jobb i samband med bompengeinnkrevjinga på Føyno. Og eg trur dei totale ringverknadane av vegprosjektet langt vil overskugge dei arbeidsplassane som måtte gå tapt i HSD. Eg ser på bygginga av Trekantsambandet som ei svært viktig samfunnsoppgåve, seier Schaathun.

AV VIDAR ALFARNES,
NORSK AVISBYRÅ

Prosjektleiar Henrik Schaathun(nr. 3 f.h) har samla troppane sine til evalueringsmøte. Så langt har arbeidet gått etter planen.

– DET MÅ DA FINNES NOEN BILLIGERE LØSNINGER SOM KAN BRUKES PÅ DETTE PROSJEKTET ?



– KUN DET BESTE ER GODT NOK. SA ALLTID BESTEFAR.

Illustr.: Statoil

Enten det gjelder olje- og gassanlegg eller elektroinstallasjoner i bygg, er Aker Elektro kompromissløs når det gjelder kvalitet og sikkerhet. Kanskje det er nettopp dette som er vår styrke: Teknologisk spisskompetanse og en tradisjonsrik bedriftskultur som søker praktiske løsninger. Dette gjør oss i stand til å møte alt fra små enkle installasjonsoppgaver til tunge og kompliserte oppdrag som total-leveransene til de nye flytende olje- og gassinstallasjonene i Nordsjøen, f.eks. Åsgard, Njord og Norne.



Aker Elektro er Aker Maritimes sentrale fagmiljø innen elektro-, automatisering- og telekommunikasjoninstallasjon. Bedriften har hovedkontor på Stord og har mer enn 1700 ansatte. Regionskontorer i Verdal, Kristiansund, Bergen, Stord, Stavanger og Oslo, og en rekke mindre avdelingskontorer som representerer området installasjon.

Aker Maritime
Aker Elektro AS

Aker Elektro AS, 5410 Sagvåg Telefon:53 49 20 00 Telefax:53 49 20 01

Din ARTE Gullsmed

Det er vi som selger Stordsmykker i sølv og gull.
Gå til Gullsmeden i sentrum!

Erik Gullsmed Underhaug a/s

BRILLIANTEN
5400 STORD
TLF. 53 41 03 57 • FAX 53 41 03 10

SELSKAPSMAT TIL EINKVAR ANLEDNING

Vi leverer til:
Stord - Fitjar - Bømlo - Tysnes - Kvinnherad

God mat smakar godt. Myhres mat smakar betre



- Koldtbord
- Snittar
- Middagar
- Bryllaup
- Konfirmasjon
- Barnedåp
- Firmafest
- Blåtur
- Lunchrettar

Vi tek alle oppdrag.
Ring og vi sender meny og prisar i posten.
PS: Vi leiger også ut dekkety

MYHRE CATERING A/S
Tlf: 53 40 36 50

airSTORD

Ditt lokale flyselskap

Snarveien til Oslo!

Våre to hovedforbindelsar knyttar distrikt til hovudstad. Med Air Stord kan du vera i Oslo på under ein time, ja - du kan faktisk vera på møte i Oslo før den du skal møta er komen på kontoret!

Dette er også hovudmålsettinga vår. Å vera det beste alternativet for dei reisande mellom Stord og Oslo og mellom Farsund og Oslo.

Regionar i vekst treng effektiv og rask kommunikasjon.

Ta kontakt med vårt billettkontor så sender vi deg rutetabell og øvrig informasjon.

airSTORD

Air Stord AS - Stord Lufthamn,
5410 Sagvåg. Telefon 53 40 37 40
Fax 53 40 37 02

You DECIDE.

WE DELIVER.

Your airline's route structure and the markets you serve determine the necessary performance for your aircraft. Whatever the requirements, Fairchild Dornier offers the right aircraft for your 32*seat markets: The 328JET, the first true regional jet or the Dornier 328, the proven third-generation turboprop. Jet or prop, you get the fastest, most modern aircraft in this class. A generously sized, quiet cabin with full standup headroom and all the service amenities passengers expect today.

It's your choice. Whatever you require, Fairchild Dornier can deliver.

Fairchild Dornier USA
Tel. (210) 824 9421, Fax (210) 820 8656
Fairchild Dornier Germany
Tel. +49/8153-30-0, Fax +49/8153-30-2055
Please visit us at: www.fairchilddornier.com

Dornier 328 and **328JET** First in the class. FAIRCHILD DORNIER

airSTORD MAGASINET

Ny

opphørt.....

1998 nr. 1

Ta gjerne bladet med deg heim